

Ulldotten – ei interaktiv figurteaterforestilling for dei yngste

Av Lena Skjerdal og Henriette Harbitz



© [Lena Skjerdal]

[Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett]

[Institutt for kunstfag]

Høgskulen på Vestlandet

[2025]

HVL-notat frå Høgskulen på Vestlandet nr.2025-4

ISSN 2703-710X

ISBN 978-82-8461-234-8



Utgjevingar i serien vert publiserte under Creative Commons 4.0. og kan fritt distribuerast, remixast osv. så sant opphavspersonane vert krediterte etter opphavsrettslege reglar.
<https://creativecommons.org/licenses/by/4.0/>

Samandrag

Ulldotten er ei interaktiv figurteaterforestilling med hovudmålgruppe 0-3 år, utvikla og framført av Henriette Harbitz og Lena Skjerdal m.fl. I førestillinga møter ein *Spinnaren*, som er veldig oppteken av ull, den animerte *Ulldotten*, *Lille Bæ* som frys og velgjeraren *Anna*. Førestillinga har vore vist for barn i målgruppa på festivalar, konferansar og scener i fleire land og visningar i barnehage har vore viktig del av undervisninga om estetisk kommunikasjon med dei yngste ved barnehagelærerutdanninga ved Campus Sogndal i perioden 2010 - 2024.

I rapporten vert det reflektert over bakgrunn og målsetnader for prosjektet, teoretisk forankring og 15 års erfaringar med estetisk kommunikasjon med dei yngste barna i barnehagen.

EMNEORD: estetisk kommunikasjon, allsidig sansing, voggelang, småbarnspedagogikk, interaktivt figurteater, affordanser, feedbacksløyfer, barns livsverden, barnehagelærerutdanning.

Forord

Etter 15 år med Ulldotten ynskjer me å takke alle små og litt større som har vore med oss og utforska ulla og vore saman i musikken og mystikken med oss, Lille bæ og Anna. De har gitt oss mange minnerike opplevingar.

Stor takk til Ingebjørg Byrknes for lån av rokk.

Takk til Hege Gjerde Sviggum for dokka Anna, Hans Mark Svedal for kortreist saueull og til Agata Jakubik og Berit Hisdal Lunde for deira bidrag.

Innhald

Samandrag	3
Forord	4
Innhald	5
Ulldotten – ei interaktiv figurteaterforestilling for dei yngste	6
Innleiing	6
Bakgrunn og problemstilling	8
Førestillinga	11
Scenerom	11
Dramaturgi	13
Etiske omsyn	17
Avslutning	17
Litteratur	18

Ulldotten – ei interaktiv figurteaterforestilling for dei yngste

Av Lena Skjerdal og Henriette Harbitz



*Lille Bæ og spinnaren. Foto: Sivelin
Kjølstad*

Innleiing

Denne teksten baserer seg på 15 års erfaringar med forestillinga *Ulldotten*, som er ei interaktiv figurteaterforestilling med hovudmålgruppe 0-3 år. I forestillinga møter ein Spinnaren, som er veldig oppteken av ull, den animerte Ulldotten, Lille Bæ som frys og velgjeraren Anna.

Førestillinga vart fyrst realisert som eit samarbeid mellom Høgskulen i Sogn og Fjordane og Sogn Folkemuseum - De Heibergske Samlinger - der den hadde premiere 10 juni 2010. Henriette Harbitz står bak konsept/ide og er dokkefører i forestillinga. Hege

Gjerde Sviggum, førstelektor i kunst og handverk ved HVL, har laga dokka Anna og Agata Jakubik har bidrege med regi. Det fyrste manuset vart utvikla i samarbeid med Berit Hisdal Lunde som og var skodespelar på premiera. Dette skjedde i studieåret 2009/2010, då Lunde var midlertidig tilsett som høgskulelektor i drama. Lena Skjerdal bidrog i same periode med komponert/innspekt musikk og kontentum til forestillinga og har sidan 2010 vore skodespelar og med-utviklar av konseptet saman med Henriette Harbitz.

Førstelektor Lena Skjerdal (1972) er songar/musikar, komponist, skodespelar og pedagog og har vore fagtilsett musikk ved HVL sidan 2008. Ho er og faglærer i drama og skapar og formidlar musikk for både vaksne og barn. Skjerdal har gitt ut album i eige namn og med bandet «Kråkebollane».



Lena Skjerdal. Foto: Øystein Åsnes



Henriette Harbitz. Foto: Sivelin Kjølstad

Høgskulelektor

Henriette Harbitz (1960) er teaterinstruktør og pedagog og var fagtilsett i drama ved Høgskulen i Sogn og Fjordane/HVL mellom 2001 og 2022. Ho har blant anna bakgrunn frå figurteater, gateteater og frå internasjonalt kultursamarbeid i samband med Kulturby 2000 i Bergen.

Refleksjonen i denne teksten er forankra i tidlegare forskning, teori, mange års erfaringar og kunstnarlege og pedagogiske målsetnader. Førestillinga har vore vist for barn i målgruppa på festivalar, konferansar og scener i fleire land og visningar i barnehage har vore viktig del av undervisinga om estetisk kommunikasjon med dei

yngste ved barnehagelærerutdanninga ved Campus Sogndal. Anslagsvis har førestillinga vore vist mellom 30 og 40 gonger i samband med undervising i perioden 2010 – 2024. I mars 2024 vart førestillinga vist to gonger for barnehagebarn, -tilsette og barnehagelærarstudentar ved HVL¹ på ei småbarnsavdeling ved ein lokal barnehage. Aller siste førestilling vart vist som ei offentleg visning ved Sogndal Folkebibliotek 6.april 2024. Ved den siste visninga i barnehagen, vart førestillinga dokumentert og filma, som ein del av forskingsprosjektet «Praksisglimt»² ved HVL, Campus Sogndal.

¹ Høgskulen på vestlandet

² <https://www.hvl.no/forsking/prosjekt/praksisglimt/>

Praksisglimt er vurdert av både SIKT (tidlegare NSD) og FETIKO³ og prosedyrane til prosjektet praksisglimt er utvikla etter råd frå og i tett samarbeid med rådgivarar for forskningsetikk samt HVL sitt personvernombod.

Av etiske omsyn er ikkje heile førestillinga tilgjengeleg for lesaren, som film, men for å kunne gi eit meir sanseleg og heilskapleg inntrykk av kva dette handlar om, bør refleksjonen lesast gjennom å veksle mellom teksten, ein redigert film som viser lydkontentum, musikk og bilete frå førestillinga⁴, og episoden i BLU-podden: *Ulldotten – Estetisk samspel med dei yngste*⁵

Bakgrunn og problemstilling

Ideen om Ulldotten er inspirert av Norsk Kulturråds forskingsprosjekt *Klangfugl - kulturformidling for de minste* (1999 – 2003), som hadde som mål å gi barn mellom 0 – 3 år estetiske opplevingar og kunstnarlege erfaringar av høg kvalitet. (Borgen, 2003) Prosjektet *Klangfugl* vart leia av Ellen Os, Leif Hernes og Ivar Selmer-Olsen og blei i perioden 2003 – 2006 vidareutvikla i EU-prosjektet til *Glitterbird – Art for the very young*. Prosjekta viste at også dei yngste barna har stort utbyte av kunstopplevingar, særleg om kunstnarane klarar å tone seg inn på barna. Dette er omskrive i fleire artiklar, mellom anna i boka «Med kjærlighet til publikum» (Hernes, Os & Selmer-Olsen, 2010), der det særskild blir peikt på viktigheita av gjenkjenning, rørsle og relasjonar. I tillegg er verkemidlar som gjentakning, tempo, rytme, timing og overrasking viktig (Hernes, Os & Selmer-Olsen, 2010). Inspirasjonen leia til denne problemstillinga:

Korleis kan ein lage og gjennomføre ei interaktiv førestilling som opnar opp og inspirerer barn i alderen 1 -2 år til oppleving og interaksjon?

Målet med prosjektet Ulldotten har vore å utvikle og formidle ei interaktiv førestilling med dei yngste barna i barnehagealder som hovudmålgruppe. Å undersøke korleis ein

³ Forskningsetisk komité ved Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett, HVL

⁴ https://youtu.be/Qfx_kNU2hTA

⁵ <https://share.transistor.fm/s/70d94c01>

kan skape interesse for museale gjenstandar og gi ei kunstnarleg oppleving gjennom ein relasjonell estetikk med fokus på allsidig sansing, inntoning, non-verbal og estetisk kommunikasjon. Dette, som eit kunstnarleg utviklingsarbeid for å utvikle eigen praksis som utøvarar og formidlarar, men og for å kunne brukast inn i undervising som konkrete dømer og opplevingar som grunnlag for fagleg refleksjon for studentar i barnehagelærerutdanninga.

I førestillinga ynskte vi å skape nysgjerrigheit og undring ved ”museale” gjenstandar og norsk nasjonal kulturarv. Dette søkte me å gjere gjennom å nytte estetiske verkemiddel og underleggjering av konkretar som rokk, karder, små strikka plagg og store mengder av vaska, men elles ubehandla ull. I estetisk kommunikasjon med dei yngste barna, er arbeid med auditive, taktile og visuelle verkemiddel særst viktig i ein meir eller mindre ordlaus kommunikasjon og underleggjering er verkemiddel som de yngste barna er fortrulege med. (Harbitz, 2006) Forvandlinga, interaksjon med materiale ull, lyden og rørslene er fasinerande og fangar merksemda for dei aller yngste. Lydopptak av ein spinnerokk som går og variasjonar av bånsullen «Sulla meg litt, du mamma mi» (trad.) danna lydspora til førestillinga. I utarbeidinga av ideen tok Harbitz sjølv inspirasjon frå eige barndomsminne der lyden av bestemora sin spinnerokk gav gode assosiasjonar og eit minne om noko som var spennande og interessant og samstundes trygt og godt.

Heile konseptet er teoretisk forankra i fenomenologisk tenking og då spesielt Merleau-Pontys filosofi om kroppens fenomenologi (Merleau-Ponty, 1994). «Toddlerkroppen» er i fylgje Gunvor Løkken sjølv ankeret i småbarnspedagogikk der små barn opplev, sansar og forstår verda gjennom kroppen. (Bengtson og Løkken, 2004) Kroppen er både subjekt og objekt. Bevisstheita er retta mot noko, kroppen bur i rommet, den bevegar seg, den er *intensjonell* og den er handlingars subjekt. «For den egne kroppen oppstår et levd rom og en levd tid gjennom kroppens væren - til – verden, gjennom interaksjon og kommunikasjon med verden.» (Bengtson/Løkken, 2004, s 563) Omgrepet livsverd vidareutvikla Merleau-Ponty frå Edmund Husserl, eit omgrep som er uløysleg knytt til det sansande subjekt og intersubjektivitet.

Som ein freistnad på å møte dei yngste barna si livsverd, tok me også utgangspunkt i element som dei kunne kjenne seg att i: å kle på seg, det vesle lammet/kosedyret, voggesong, leik med rokken som går rundt, og arke-typiske leikar som «borte-titt tei» og

det å samle, ha oppi og tømme ut/ha oppi/tømme ut osv. Colwyn Threewarten og Stephen Malloch sine teoriar om kommunikatív musikalitet som ein naturleg måte å kommunisere med små barn på, underbygger vidare at det ligg i barns livsverd å kommunisere med songliknande talemåtar, kopla til rytmiske rørsler. (Threewarten & Malloch 2009). Gjennom rørsle og lyst stemmeleie, og elles variert og tilpassa stemmebruk, bruk av glissandoar, dynamikk, pausar, variasjon av tempo osv., har me freista å kommunisere. Kommunikativ musikalitet kan seiast å vere forløparen til det kulturelle fenomenet voggesong, som og kan seiast å vere ein del av kulturarven spesielt retta mot barn. I Ulldotten er det båsullen «Sulla meg litt du mamma mi» som blir eit artefakt i den samanheng. Brukt ordlaust, med tekst, i ulike tempo/med ulik energi, og som utgangspunkt for musikken som kjenneteiknar viktige vendepunkt i førestillinga då velgjeraren «Anna» gjer sin entre.

«Kommunikasjon er kunsten» (Borgen, 2003) er tittelen på evalueringa av Klangfugleprosjektet, og i den tittelen summerer Jorunn Spord Borgen opp kva som kjenneteiknar dei kunstprosjekta i prosjektet som fungerte best for denne aldersgruppa, noko me kjenner godt att i arbeidet med Ulldotten. Dette med intersubjektivitet og affektiv inntoning – å vere 100 % tilstades og fange opp små og store responsar frå alle i rommet. At den vaksne utøveren må vere sensitiv og villig til å opne opp for at samspelet kan ta nye retningar. Å tone seg inn på barna og tilpasse hendinga etter deira respons. Å variere tempo, fysisk nærleik, bruke ulla som eit direkte kommunikasjonsmiddel, sitte på golvet osv. Gi barna tid og rom til å ta innover seg opplevinga, gi sine responsar og få sine svar. *Feedbacksløyfer* (Böhnish, 2010 og Ficher-Lichte, 2004) - gjensidig påverknad mellom tilskodarar og aktørar i førestillingar er eit sentralt teoretisk omgrep som omhandlar denne kommunikasjonen:

(...) dynamiske prosesser som i større eller mindre grad er styrt av enkelte eller flere involverte (kollektivt), samtidig som de involverte ikke har fullstendig kontroll over disse prosessene. Det vil si, feedbacksløyfer inneholder både det planlagte og det ikke-planlagte/ikke-planleggbare, det forutsigbare og det uforutsigbare. (Böhnish, 2010, s. 141)

Førestillinga


Scenerom



*Før førestilling i Eikefjorden
Kyrkje 2016*



*Etter førestilling Sogndal
Folkebibliotek, 2024*



*Før førestilling på Reykjavik,
Universitet, Island 2012*

Sidan førestillinga har blitt vist i mange ulike barnehagar og alt frå bibliotek til kyrkjerom, må scenografien vere fleksibel og mogeleg å tilpasse. Dette fordrar ein enkel scenografi med bak-vegg, som me enten har dandert med grøne eller svarte stoff for å skape ein heilskap - eller ved å bruke ei brun dokkescene. Mellom bak-veggen og barna er det plassert ein rokk, litt på sida av senter, karder, korgar og mengder av ull er dandert og spreidd ut.

Det har vore eit poeng for oss, at førestillinga skal ha overføringsverdi til kvardagsliv i barnehagen og kunne inspirere tilsette i barnehagen til estetisk samspel med dei yngste barnehagebarna og det er og noko av grunnen til denne litt pragmatiske og enkle tilnærminga til scenografien. Rommet skapar me og gjennom innhaldet, materialet og konkretane me brukar.

Ved reiser til utlandet, har me fått lånt lokale rokkar og har med oss ein del ull og stoff til å dandere bak-vegger, dette har også gitt oss erfaringar med at førestillinga er fleksibel og at det er det non-verbale – det kroppslege og det estetiske som kommuniserer - og det fungerer, etter våre erfaringar, like godt i Krakow og Reykjavik som i Sogndal. Frå Island fekk me islandsk ull og kunne ta denne med oss heim og vidare i produksjonen, noko som gjorde at ull-materiale i førestillinga vart enno meir mangfaldig. Materiale ull er veldig fleksibelt, ufarleg og har mange *affordansar* (Gibson,1977). Den har vist seg å vere ein viktig medspelar, både i utviklinga av førestillinga, under førestillinga og som noko å møtast i. Den kan formast og animerast, det kan luktast på og smakast på, kastast i

lufta, samlast i store haugar eller bli til små, lette fjon. Det kan kosast med, trakkast på og me kan dele på den og være saman i den. Ulla me brukte, fekk me direkte frå ein sauebonde i Sogndal og behandla den gjennom vask med mildt vaskemiddel i vaskemaskin.

Lydkontentum og musikk utgjer og eit viktig verkemiddel i førestillinga. Det heile startar med eit lydspor som er eit opptak av ein person som spinn på ein rokk. Som tidlegare nemnt, er song som uttrykksform og materiale i ein bestemt song også eit verkemiddel i førestillinga. Dette materiale vert omskapt og variert gjennom musikalske grunnelement som klang, tonalitet, tempo, dynamikk, rytme, form og tekstur.



Figurane eller dokkene i førestillinga representerer noko absurd og fantasifullt (Den animerte Ulldotten), noko velkjent og trygt (Lille Bæ) og noko ukjent, mystisk nesten på grensa til skummelt (Anna). Dokkeføraren (Henriette) freistar gjennom si dokkeføring og bruk av stemme, tempo og *timing* å tone seg inn på stemninga som ho fangar opp i rommet/blant barna.

Ulldotten. Foto: Sivelin Kjølstad



Lille Bæ. Foto: Sivelin Kjølstad



Velgjeraren Anna. Foto: Sivelin Kjølstad

I alle desse verkemidla er det bruk av kontrastar – endringar i tempo, rytme, nivå, fokus, lyd og visuelle verkemiddel, som saman bygg opp ei hending bygd opp som estetisk kommunikasjon.

Dramaturgi

Gangen i førestillinga

Dette som kjenneteiknar dei yngste barna si livsverd har altså vore eit sentralt omdreingspunkt for heile hendinga, som har gått føre seg med tre hovuddeler:

1. Inntoning
2. Rammeforteljing
3. Etterspel/utforsking av materiale/uttoning

Inntoning

Lydkontetum av spinnerokk vert sett på og «Spinnaren» (Lena) startar å gå rundt i, ta på, lukte på og dra i ulla. Ho er kledd i ein grøn/turkis kjole og er berrføtt. Henriette tek med seg litt ull og hentar inn barn og vaksne. Dei set seg ned på golvet og finn roen. Spinnaren er stadig inne i si ullverd og undersøker den, samlar ulla. Henriette går bak dokkescena og lydkontetum blir slått av.

Spinnaren held fram å undersøke ulla, samlar den i ein haug på golvet, kardar og lagar små fjon av ull som ho kan blåse på. Undersøker litt større ulldottar som heng på ulike delar av scenografien. Animerer ull (improvisasjon), brukar ull som parykk, boa – agerer som fin dame, kikar gjennom ulla – mot barna – borte titt-tei. Repeterer borte-titt dei og får veldig ofte respons og kanskje latter frå barna. Spinnaren oppdagar rokken – undersøker den – og set seg til slutt bak og trakkar på den så den går rundt. For å få rokken til å gå, må spinnaren finne ein takt å trå i og ho nynnar melodien til bårsullen «Sulla meg litt du mamma mi» til takta i stadig høgare tempo.

Ein animert og energisk ulldott dukkar opp frå ulike sider av bakveggen og vert til slutt oppdaga av spinnaren. Spinnaren lokkar ulldotten til å bli med resten av

ulla, og lukkast med det. Etter å ha opparbeida seg fleire alliansar med barna i rommet, går hendinga vidare til neste del: rammeforteljinga.

Rammeforteljing

Spinnaren held fram med å undersøkje ulla og har samla alt i ein haug. «Meira ull» ropar ho ut i rommet – og meir ull blir kasta fram frå bakscena – dette blir repetert 3 gonger. Spinnaren går til rokken att og set den i gang att, akkompagnert av nynninga på bårsullen. Brått blir ho avbroten av Lille Bæ som dukkar opp frå dokkescena – bæ seiar at han frys. Spinnaren tenkjer seg om og kjem på at ho må rope på Anna. Ho reiser seg frå rokken og ropar forsiktig på Anna og Anna sin musikk kjem gradvis på (variasjonar av Sulla meg litt i Em). Tempo og kraft i rørslene går ned. Anna kjem sakte opp frå bakveggen, helsar ærbødig på Spinnaren og rekk ho eit langt, kvitt strikkaskjerf. Så går Anna sakte nedatt bak scenen og musikken tonar ut. Spinnaren ropar på Bæ som kjem opp med fart og energi og får skjerfet på seg. Spinnaren set seg nedatt ved rokken, tempo går oppatt og det same hendingsforlaupet vert gjenteke 2 gonger til. Til slutt har Bæ fått både skjerf, hue og sokkar frå Anna og Bæ blir med Spinnaren fram frå dokkescena til ullverda, der barna får høve til å helse på han, og han får høve til å undersøkje og leike med ulla og rokken. Til slutt vert Bæ sliten og vil bak scena for å legge seg. Spinnaren syng forsiktig bårsullen «Sulla meg litt du mamma mi», fyrst ordlaust, set seg ned og spinn forsiktig med rokken i medium tempo og startar å synge gjennom songen, no for fyrste gong i førestillinga med tekst. Under songen kjem Henriette fram frå bakscena med ei korg eller ein haug med mykje ull – ho får kontakt med spinnaren og spør spinnaren: «meira ull?»

Etterspel/utforsking av materiale/uttoning

Denne delen av hendinga kan variere frå stad til stad, men varar ofte om lag 30 minutt, og kunne som regel gjerne vart mykje lenger – for barna vil gjerne halde fram.

Henriette kjem inn med meir ull som Spinnaren entusiastisk imot, og dei startar å kaste litt ull mot kvarandre. Etterkvart kastar ein gjerne litt ull mot enkelte av barna og får gjerne litt ull i retur. Samspelet utviklar seg fort og etter eit stund kjem barna naturleg fram og undersøker ulla - åleine eller saman med ein av aktørane eller med ein vaksen omsorgsperson. Nokre barn brukar lenger tid på å tø opp, eller går fram og tilbake

mellom trygge, kjende vaksne fang og ulla som er på scena. Nokre er med frå avstand. For å gi eit bilete av korleis slike stunder kan fortone seg, tek me med nokre praksisforteljingar henta frå notatar gjort frå opptaket som vart gjort i samband med prosjektet Praksisglimt mars 2024:

S⁶ set seg ned med den store korga. «Masse ull», seier ho fleire gonger og kastar ull opp i lufta. Ser ut mot barna, seier «masseeeeeeee – ull!» og kastar ull mot barna etter ein lang fermate. H⁷ kastar ull mot barna. S og H kastar meir ull mot barna og barna tek etterkvart meir kontakt mot S og H. Etterkvart reiser fleire av barna seg opp og går utav matta og fram på «scenegolvet».

Fleire barn fylgjer etter. Barna går mot S og kastar ull på ho medan ho sit på golvet. Mykje latter og lyd. Nokre barn tek kontakt med H som sit bak rokken. Nokre barn tek tak i den store korga og gir den til S som tek korga over hovudet, kikar fram og seier «hallo».

Mykje latter og kroppsleg glede, kasting av ull. Barna seier «masse ull». Nokre prøver å kle ull på nokre av dei vaksne som er med, mange samspel mellom barn og barn og vaksne på fleire stader i rommet. Her er mange parallelle episodar som går føre seg samstundes. (Notat frå opptak/Praksisglimt frå om lag 27 minutt uti hendinga



Etterspel og utforsking av materiale Krakow, Polen, 2011 Foto: Marysia Sadowska

⁶ S = Spinnaren, Lena

⁷ H = Henriette

Når hendinga til saman har vara om lag ein time, prøver me å runde av på ulike måtar gjennom affektiv uttoning. Til dømes samlar me ull i korga saman med barna eller prøver å halde hender saman i ein ring/gå på rekke medan ein syng bårsullen. Ofte prøver me å runde av mange gonger, for barna er ikkje ferdig og vil til dømes tømme ut av korga, når me har samla oppi, eller sleppe ringen og går tilbake til ull for meir lek og utforsking. Då blir me sjølvsagt med ein runde til.



*Me samlar inn og tømmer ut - etterspel
Sogndal Fokebibliotek 2024*

Avrunding

S startar å syng på songen ein gong til. Tek fleire barn i handa og beveger seg. H blir med på songen. Fleire vaksne og barn heng seg med. Fleire vaksne ryddar ull opp korga. S prøver å samle fleire i ringen. Beveger seg utav området og mot trappa som leier ut av rommet. Mange barn og dei fleste vaksne er enno att på golvet, Kameraet snur og viser S i trappa syngande med nokre barn. Fleire barn kjem opp i trappa og sit seg ned og syng med og voggar. Nokre barn går ned att. Så kjem dei tilbake til trappa. Nokre gjespar litt. Samlar seg rundt S. Vaksen frå

avdelinga kjem «Hadet» seier S og vinkar. Barna går saman med dei vaksne opp trappa og inn på avdelinga si. «Takk for i dag!» (Notat frå filmopptak/Praksisglimt frå 54:15 – 59:46 i hendinga)

Etiske omsyn

Å forske med kunsten og dei yngste barna krev spesielle etiske omsyn. Barna er så små at dei sjølve ikkje kan samtykkje i å bli observert og reflektert over. Ein må forske og prøve ut med kaldt hovud og varmt hjarte og ta omsyn til små og viktige responsar barna gir undervegs. Ein må ha klar adhocstrategiar og vere klar for å gå bort frå eventuelle kunstnarlege ambisjonar om det er andre vegar hendinga tek. Ein må sjølvstøtt og vere forsiktig med å ta og bruke bilete og film for å ivareta barna sitt personvern. Gjennom å vere kopla opp mot prosjektet *Praksisglimt*, kjenner me oss trygge på at dette vernet er ivareteke og løyve frå foreldre og barnehage er gitt. Det filma materiale er gjennomgått og godkjent og praksisglimt leitar etter dømer på positive samspel som gjennom små filmklipp kan brukast i samband med undervisning.

Kunstnarlege verkemiddel kan gi sterke opplevingar, og me som jobbar i dette feltet, må balansere uttrykka, slik at dei er tona inn på den målgruppa, dei ulike individ og dei ulike kontekstane dette går føre seg. Me tek utgangspunkt i at dette skal handle om estetisk omsorg, og balansere det spennande mot det trygge og kjende, det underlege mot det vakre og behagelege.

Avslutning

Gjennom mange år med visningar av førestillinga Ulldotten, i ulike kontekstar – i ulike land og miljø – har førestillinga vist seg berekraftig og har gjort undervisninga vår forskingsbasert og praksisnær. No når førestillinga ikkje skal visast meir, håpar me at materiale som har inngått i denne refleksjonen kan nyttast som inspirasjon dei som skal utdanne seg til, eller er i profesjonar der ein treng å kunne utøve estetisk omsorg for dei yngste barna.

Litteratur

- Bengtsson, Jon, Løkken, Gunvor; (2004) Maurice Merleau-Ponty: Kroppens verdslighet og verdens kroppslighet. I Steinsholt og Løvlie (Red.) *Pedagogikkens mange ansikter*, Universitetsforlaget
- Borgen, Jorunn Spord (2003) KOMMUNIKASJONEN ER KUNSTEN Evaluering av prosjektet Klangfugl – kunst for de minste, Notat nr 57. Norsk kulturråd (<https://kudos.dfo.no/documents/7716/files/7618.pdf>)
- Böhnisch, Siemke: (2010) Feedbacksløyfer i teater for svært unge tilskuere. Et bidrag til en performativ teori og analyse Doktorgradsavhandling, Universitetet i Agder. AURA. <https://hdl.handle.net/11250/2827286>
- Gibson, J. (1977). The theory of affordances. I Shaw, Robert; Bransford, John (red.) *Perceiving, Acting and Knowing: Toward an Ecological Psychology*. Routledge.
- Harbitz, Henriette. (2006). Underliggjøring som virkemiddel i dramapedagogisk arbeid for og med barn. I E. Befring & S. Helland (Red.), *Barnehagepedagogikk*, Samlaget.
- Hernes, Leif., Os, Ellen. & Ivar Selmer-Olsen, I. (2010). *Med kjærlighet til publikum: kunst for barn under tre år*. Cappelen Akademiske Forlag.
- Fischer-Lichte, E. (2004). *Ästhetik des Performativen*. Frankfurt am Main: Suhrkamp.
- Merleau-Ponty; (1994) *Kroppens fenomenologi*, Pax Forlag
- Threvarthen, C. og Malloch, S . (2002). Musicality and music before three: Human vitality and invention shared with pride. *Zero to Three, september*, 10–18.